

Dei første laksane er fanga

15.06.2012

Ved midnatt vart det opna for fiske i Uskedalselva og førebels er det meldt om fangst av 3 laksar. Dei var det ein feriegjest frå Bømlo som tok like nedanfor og like ovanfor Djupehølen.

2 av dei var på 4,7 kilo og vekta på den tredje var 3,7.

Den første gjekk på kroken allereie 3 minuttar over klokka 24

Det var lus på 2 av fiskane, men angrepa var ikkje ålvorlege, fortel fiskaren som vil vera anonym.

Så langt er det ikkje meldt om fleire fangstar til oss. Det er nok førebels for lita vassføring til det heilt store fisket og fiskarane ventar med lengsel på regnet. Kanskje kjem det til natta. Fleire fiskarar er på plass langs elva.

Leiar i elveigarlaget Johannes Kaldestad Feet reknar med at rundt 70 fiskarar vil fiska i elva denne sesongen, som sluttar .1. september

Av Ola Matti Mathisen